



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2026–2029

Sunde barnehage



Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen	4
Om barnehagen.....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Satsingsområde for barnehagen 2025-2028	7
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	7
Medverknad	10
Barn.....	11
Foreldresamarbeid	12
Tidleg innsats	13
Overgangar	13
Når barnet startar i barnehagen.....	13
Overgangar i barnehagen	14
Overgang mellom barnehage og skule.....	14
Samarbeid	15
Samarbeid internt i barnehagen.....	15
Samarbeid med eksterne instansar	15
Vurdering	16
Hendingar og markeringar i barnehagen	17

Einingsleiar har ordet

Velkomen til Sunde barnehage!

Dei fleste barn startar tidleg i barnehage, og må raskt lære seg å vere ein del av eit fellesskap. Barnehagen er difor ein viktig arena for læring av sosiale spelereglar. Det å trivast og tilpasse seg sosialt, er viktige byggesteinar for læring og utvikling, og legg grunnlaget for gode læringsmiljø.



Barna er framtida vår, og med ei verd i endring, er det viktig for oss gje barna ein trygg identitet, eit godt sjølvbilde og gjere dei i stand til å møte livets utfordringar. Dette handlar om å gje dei meistringskjensle, skape gode relasjonar, gjere dei bevisst eigne følelsar, og skape refleksjon rundt handlingar og val dei tek i møte med andre.

Gjennom årsplanen synleggjer vi arbeidet og vår pedagogiske plattform. Planen bygger på lov om barnehagar, og gjev foreldre og tilsynsmynde informasjon om korleis vi jobbar med rammeplanen sitt innhald.

Foreldre kan medverke til planen gjennom barnehagen sitt samarbeidsutval. Årsplanen er ein fireårsplan, men vert revidert kvart år.

I tillegg til årsplanen, har vi eigne planar som periodeplanar, månadsplanar og plan for overgangar. Måla frå dei detaljerte planane finn du att her i årsplanen.

Hovudmåla våre er at alle barn skal:

- føle seg trygge i barnehagen
- kjenne seg inkludert og ein del av fellesskapet
- lære strategiar for å stå i vanskelege situasjonar

For å nå måla, skal vi ha eit nært og godt samarbeid med heimane. Vi skal jobbe førebyggjande, gje nødvendig utviklingsstøtte til alle barn, og komme tidleg inn om vi ser barn som strevar.

For å sikre kvalitet i arbeidet, utarbeider vi beste praksis for valte områder. Praksisen beskriv ønska standard for organisering og utviklingsstøtte, og handlar om å beskrive det avdelinga gjer bra og som er i tråd med slik vi ønskjer å ha det.

Vi samarbeider med Høgskulen på Vestlandet om «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Dette samarbeidet starta opp hausten 2025 og vil gje oss kompetanseheving og rettleiing, samtidig som vi kan bidra til auka læringsutbytte for studentar.

Margrete Huus

einingsleiar

Sunde barnehage

Presentasjon av barnehagen

Visjon for barnehagen

- saman om trygge og robuste barn

Vår visjon er å skape ein barnehage der barn utviklar god fysisk og psykisk helse. Vi skal støtte barna i å bli medvitne egne kjensler, lære å handtere utfordringar og bidra til at dei utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og andre. Gjennom omsorg, leik, samtalar og praktiske erfaringar, skal vi gje barna verktøya dei treng for å møte livets utfordringar med styrke, glede og respekt for mangfald.

Dette skal vi få til i samarbeid med:

- foreldre
- dei tilsette
- skulen
- eksterne instansar
- nærmiljøet

Om barnehagen

Sunde barnehage ligg landlig til på Sunde, ca. 5 kilometer frå Førde sentrum. Barnehagen var ny september 2009, og ligg som nærmaste nabo til Sunde skule. Området rundt barnehagen og skulen er tilrettelagt som eit nærmiljøanlegg. Vi har stor uteleikeplass og gode turmoglegheiter.



Barnehagen har plass til 54 barn fordelt på 4 avdelingar:

- Raud og Gul avdeling - barn 1 - 3 år
- Lysegrøn og Mørkegrøn avdeling - barn 3 - 6-år

Barnehagen har heilårsdrift, men held stengt julaften, nyttåraften og 5 planleggingsdagar i året. Onsdag før påske stenger vi kl. 12.00.

Vi nyttar Visma som kommunikasjonsplattform mellom heim og barnehage.

Barnehagen har ei engasjert foreldregruppe, som blant anna har skaffa midlar til innkjøp av nytt klatrestativ.

For kontaktinformasjon og anna praktisk informasjon -

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/finn-barnehage/sunde-barnehage/>

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen sitt verdigrunnlag er fundamentert i Rammeplan for barnehagen, og er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til.

Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming der leik, omsorg og læring skal sjåast i samanheng. Samfunnsmandatet er å ivareta barnas behov for omsorg og leik, samt fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dette skal skje i samarbeid og forståing med heimen (*Rammeplanen, 2017*).

Omsorg – danning

Omsorg er grunnlaget for tryggleik og tillit, og er nødvendig for utvikling og læring. Samstundes er danning ein kontinuerleg prosess som skjer i samspel med andre menneske og gjennom erfaringar i kvardagen. Gjennom omsorg lærer barna korleis dei skal ta vare på seg sjølve og andre, og dei utviklar verdiar og ferdigheiter som er viktige for deira vidare liv (*Rammeplanen, 2017*).

Personalet skal:

- møte barnet med respekt og varme
- aktivt jobbe for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve
- vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og tilpasse omsorga til det einskilde barnet
- sørge for eit trygt fysisk og emosjonelt miljø, der vaksne er til stades og gir støtte og rettleiing når barna treng det
- støtte barna til å sette sine egne grenser og respektere andre sine grenser
- leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar



Leik og læring

Leik er ein grunnleggjande aktivitet for barns utvikling og læring. I rammeplanen står det at barn lærer best gjennom aktiv og engasjerande leik. Leiken fremjar både kognitive, emosjonelle og sosiale ferdigheiter. Den er eit verktøy der barn utforskar verda, prøver ut nye roller og lærer seg ferdigheiter som språk, problemløysing og samhandling med andre.

- Gjennom leik utviklar barn språklege ferdigheiter, lærer seg nye ord, og øver på kommunikasjon.
- Leik er eit viktig reiskap for å utvikle motoriske ferdigheiter, kroppsleg medvit og helse.
- Barna oppdagar og lærer om naturen gjennom leik ute, og ved å eksperimentere med materiale og teknikk.
- Leik kan bidra til å forstå grunnleggjande matematiske omgrep som tal, form og mengde gjennom praktiske erfaringar.
- Leiken gir barna moglegheit til å vere med på å skape innhaldet i eigen læring, og dei skal få støtte og utfordringar tilpassa deira utviklingsnivå.
- Gjennom leik lærer barn å samarbeide, dele, vente på tur, uttrykke kjensler og forstå andre sitt perspektiv.

Personalet skal:

- legge til rette for eit inkluderande og variert leikemiljø
- lage rom for leik – både inne og ute
- gje barna felles erfaringar/oplevingar som dannar grunnlag for felles leik
- observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken verdifull på barna sine premissar
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster, og aktivt bidra til at alle barn kjem inn i leik
- ta initiativ til å delta i leik, og vere bevisst på og vurdere si eiga rolle



Satsingsområder for barnehagen 2026–2029

Fagområder fra rammeplanen til barnehage



Fokusområde

Fysisk og psykisk helse

Hovudmål: Gje barna gode verktøy til å skape eit positivt syn på seg sjølv og andre

Delmål: Opplive glede og meistring ved allsidig fysisk aktivitet

Tiltak:

- aktive og støttande vaksne som utfordrar til variert kroppsleg lek – inne og ute
- legge til rette for bevegelsesmiljø tilpassa barnets nivå
- anerkjenne barnet si meistring
- balansere behovet mellom aktivitet og kvile

Delmål: Respekt for mangfold

Tiltak:

- synleggjere mangfoldet i barnegruppa
- fremje likskap og ulikskap gjennom lek
- bli kjent med begrepa likeverd og respekt
- personalet reflektere over eigne haldningar, for å formidle og fremje likeverd og likestilling på ein best mogeleg måte

Delmål: Lære barna å sette grenser og seie frå dersom dei opplever noko vanskeleg

Tiltak:

- nære og lyttande vaksne
- temasamlingar og bøker om følelsar og empati
- raude og grønne tankar – psykologisk førstehjelp
- stopp regel – sette grenser for seg sjølv
- nettressursen «Jeg vet»

Delmål: Identifisere og støtte barn som strevar

Tiltak:

- observasjon
- god og tidlig dialog med foreldre
- sette inn konkrete tiltak
- tett dialog med eksterne instansar når det er naudsynt

Språk og språkutvikling

Hovudmål: Skape eit godt språkmiljø for alle barn

Delmål: Skape eit trygt miljø, der barn opplever glede ved å bruke og utforske språket

Tiltak:

- spontane samtalar
- leik med språket
- sang og rytme
- rim og reglar
- symbol og dagstavle
- vekas ord
- god tilgang til bøker

Delmål: Legge til rette for språkstimulerande aktivitetar

Tiltak:

- vaksne som språkmodellar i leik
- bruke språkverktøya «Babblarna» og «Grip omgrepa» i planlegging og gjennomføring av aktivitetar
- høgtlesing
- støtte til individuell språkutvikling
- alternativ supplerande kommunikasjon (ASK)

Inkluderande leikemiljø

Hovudmål: Skape gode vilkår for leik for alle barn

Delmål: Leggje til rette for variert leik

Tiltak:

- lage rom for leik
- temaleik utifrå barna sine interesser og erfaringar
- nok tilgjengeleg utstyr både inne og ute
- bruke nærområdet som inspirasjon til leik

Delmål: Fremje inkluderande miljø der alle barn kan delta og erfare glede i leik

Tiltak:

- små og tilpassa leikegrupper
- gje barna felles erfaringar/opplevingar som dannar grunnlag for felles leik
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster, og aktivt bidra til at alle barn kjem inn i leik

Bærekraftig utvikling

Hovudmål: Gje barna innblikk i matens opprinnelse


Delmål: Følgje prosessen fra jord til bord

Tiltak:

- dyrke i eigen kjøkkenhage
- stell av kjøkkenhage
- bruke råvarene til matlaging



Rammeplanen sine fagområder er gjennomgåande heile året, med større fokus på enkelte områder i ulike periodar. Interne periodeplanar er laga med bakgrunn i dette årshjulet:



Det vert utarbeidd eigne månadsplanar, med meir detaljert innhald tilpassa den enkelte gruppe.

Medverknad

«Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. barnehageloven § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1» (Rammeplan for barnehagar, 2017).

Barn

- Alle barn har rett på å medverke og ha innflytelse på innhaldet i barnehagen.
- Medverknaden skal vere tilpassa barnet sin alder, individuelle føresetnader, erfaringar og behov.
- Kvart barn skal bli sett og tatt på alvor uavhengig av alder.

Personale

For å få fram barna sine innspel og vurderingar nyttar personalet:

- Observasjon og barnesamtalar
- Samtale med barn og foreldre
- Deltaking i leik og aktivitet



Foreldresamarbeid

Tett samarbeid med foreldre er avgjerande for å nå måla om trygge barn og eit inkluderande barnehagemiljø.

Foreldresamtalar:

- tilbod om oppstartssamtale kort tid etter at barnet har begynt i barnehagen.
- dagleg dialog i hente og bringesituasjonen
- foreldresamtalar 2 gongar i året – haust og vår. Samtalar utover dette avtalast etter behov – enten ved fysisk oppmøte eller over telefon.



Foreldremøte:

Vi har i hovudsak eitt foreldremøte i året. Dette vert halde i september/oktober. Innhald på møtet kan variere, men har ofte ein fellesdel og ein avdelingsvis del.

Foreldreråd, samarbeidsutval og FAU:

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

Foreldra sine representantar i samarbeidsutvalet vert valde på foreldremøte i september/oktober. Av desse skal 2 foreldre vere faste representantar i utvalet, medan 2 skal vere vara. Representanten vert valt for 2 år.

Foreldregruppa i Sunde barnehage har og oppretta eit FAU (Foreldrenes arbeidsutval). Representantane i FAU skal som utgangspunkt vere dei same som foreldrepresentantane i SU.

FAU har som formål å arbeide for godt samarbeid mellom foreldre, barnehagen og lokalsamfunnet, og fremje trivsel og positiv utvikling hos barna.

FAU sine oppgåver er:

- organisere sosiale aktivitetar og samle inn midlar til utvikling av uteområdet.
- sørge for at foreldra har medverknad i barnehagens saker.

FAU har ansvar for midlar frå arrangement og innsamla midlar frå ulike støtteordningar, som skal nyttast til fordel for barna.

Tidleg innsats

Tidlig innsats handlar om å gi et godt pedagogisk tilbod fra tidlig småbarnsalder og vidare i utdanningsløpet.

For nokon barn kan tidlig innsats innebære at personalet arbeider særlig målretta og systematisk - over kortare eller lengre periodar - med å inkludere barnet i meningsfulle fellesskap (Rammeplan for barnehagar, 2017).

Det er eit klart mål for oss å jobbe førebyggjande, og å komme tidleg inn med hjelp og støtte om vi ser barn som strevar. Saman med resten av laget rundt barnet skal vi sette inn tiltak så snart som råd.

Sunnfjord kommune har ein eigen plan som viser korleis vi jobbar for å nå målet om tidleg innsats – [Handbok i tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk](#)

God og tidleg dialog med foreldre avgjerande for å sette inn riktige tiltak.

Overgangar

Barnehagen har eigen plan for overgang mellom heim/barnehage og for overgang mellom avdelingar. I tillegg følg vi Sunnfjord kommune sine retningslinjer for overgang til skule.

Mål:

Sikre barn og foreldre god informasjon og trygge overgangar

Når barnet startar i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet kan oppleve tilhørighet og trygghet til å leke, utforske og lære» (Rammeplan for barnehagar, 2017).

Barnehagen sine rutinar ved oppstart:

- barn og foreldre vert invitert på besøk før oppstart
- foreldre får tilsendt informasjon som personal og barnegrupper, samt praktisk informasjon og forventningar til tilvenninga
- barnet får ein tilknytingsperson som har ansvar for å gje barn og foreldre ei trygg tilvenning
- foreldre vert invitert til oppstartssamtale med pedagog kort tid etter oppstart

Eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom heim og barnehage, er til barnet sitt beste!

Overganger i barnehagen

«Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de bytter barnegruppe» (Rammeplan for barnehagar, 2017).

Barn og foreldre skal oppleve at vi legg til rette for god overgang ved skifte av avdeling. Barna skal så langt som mogeleg bli kjent med den nye avdelinga og nye personalet før sommarferien.

Barnehagen har følgende rutinar i perioden mars til juni:

- samansetting av nye barnegrupper vert drøfta i pedagoggruppa etter barnehageopptaket
- småbarnsavdelingane jobbar med sjølvstendighetstrening (smørje sjølv, påkledning og toalett)
- barn som skal byte avdeling besøker ny avdeling saman med kjent personal
- overføringssamtalar mellom pedagog på småbarn og storbarnsavdeling
- informasjon om oppstart på ny avdeling sendast til foreldre
- barna flyttar korgene sine til ny garderobe før nytt barnehageår

Overgang mellom barnehage og skule

«Barnehagen skal legge til rette for at de eldste barna har med seg erfaringer, kunnskaper og ferdigheter som kan gi dem et godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skolen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetiden på en god måte og møte skolen med nysgjerrighet og tro på egne evner» (Rammeplan for barnehagar, 2017).

Vi er heldige som er lokalisert like ved Sunde skule, og dei fleste av våre barn skal starte der. Samarbeidet med skulen startar allereie frå barna er små, og barna vert godt kjent med skuleområdet i løpet av barnehagetida. Foreldre får informasjon om overgang til skule på foreldremøte, og i foreldresamtalar hausten før skulestart.

Siste året før skulestart legg vi spesielt vekt på VI-følelsen, og legg til rette for at barna får erfaringar og ferdigheiter som er viktige i eit sosialt fellesskap. Vi legg til rette for skuleførebuande aktivitetar gjennom lek med tal, mengde, bokstavar, blyantgrep og tekstskaping. I tillegg øver vi på å at barna skal:

- oppleve meistring
- bli sjølvstendige
- følgje felles beskjedar
- vente på tur og spørje om hjelp

Våre rutinar:

- førskuleaktivitetar 1 – 2 gongar i veka
- «Trampoline» – aktivitetshefte inndelt i tema basert på fagområda frå rammeplanen – med vekt på lek og læring, undring og refleksjon, språkstimulering og begrepsforståing

- overgangsobjektet «Frode Laks» - ei kulturell bru mellom barnehage og skule
- førstehjelpsdokka «Henry» – auke barns bevissthet om, kjennskap til og interesse for førstehjelp.
- «Trygg skuleveg» - bli kjent med skulevegen og korleis ferdast trygt til skulen
- fjelltur og avslutningskveld for førskulebarna juni

Barnehagen sine møtepunkt med skulen før skulestart:

- lån av gymsal
- nyttar skuleområdet til lek
- førskulebarna går Lucia-tog til fadderklassen
- felles øving til 17. mai tog
- overføringssamtalar for barn med ekstra behov i løpet av februar/mars. For barn med langvarig oppfølging, vert det sendt førebels informasjon til skule 1 år før skulestart.
- overføring av opplysningar etter samtykke frå foreldre – mai før skulestart
- overføringssamtalar med klasselærar for alle barn i løpet av juni månad
- det vert innhenta digitalt samtykke frå foreldre før overføring av informasjon til skule.

Dei ulike skulane sender invitasjon til foreldre om førskuledagar, foreldremøte og innskriving.

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Avdelingane jobbar tett saman om aktivitetar og felles mål. Personalmøter, planleggingsdagar, pedagogisk leiarmøter og avdelingsmøter er arenaer for det interne samarbeid.

I tillegg har vi eigne pedagogmøter for erfaringsdeling, rettleiing, utarbeiding av progresjonsplanar og pedagogisk innhald.

Samarbeid med eksterne instansar

For å nå målet om å jobbe førebyggjande og komme tidleg inn når barn eller familiar har behov for oppfølging, har vi eit tett samarbeid med andre instansar.

Vi har god dialog med hjelpeinstansar gjennom prosjektet «Betre tverrfagleg innsats», og har gode rutinar for kontakt med helsestasjon, fysioterapeut, PPT, BUP og BUFA.

I dialogen har vi alltid som mål å ha samarbeid til beste for barnet!

Vurdering

Gjennom observasjon og dokumentasjon gjer vi jevnlege vurderingar av det pedagogiske arbeidet. Vurderinga må sjåast i samanheng med måla vi har satt for det enkelte barnet og for barnegruppa som heilheit.

Å vere nær og deltakande i leik er den viktigaste informasjonsskjelda for å vurdere kvaliteten på relasjonane og samspelet mellom barna, og for å vurdere det enkelte barn sin trivsel, utvikling og læring.

I tillegg gjev arbeidet med beste praksis oss grunnlag for refleksjon og diskusjon, og gjer det lettare å vurdere og justere måla.

Vurderingane våre er òg basert på følgande observasjon og dokumentasjon:

- spontane samtalar med barn
- planlagde barnesamtalar
- kontinuerlege vurderingar i møte med foreldre
- relasjonsskjema barn - vaksen
- karteleggingsskjema vennebussen
- systematisk observasjonar i avdeling
- kartleggingsskjema «TRAS» og «Alle Med»
- månadsplanar og månadsreferat
- bildeoppdatering i visma kvar fredag
- perm til kvart einskilt barn med teikningar og bilder
- interne møter
- brukarundersøking kvart 2. år



Hendingar og markeringar i barnehagen

Vinter



Desember

Førskulegruppa går luciatog i barnehagen og til fadderklassen på Sunde skule. Førskuleforeldre vert invitert til gløgg, kaffi, lussekattar og sang.

Nissefest

Februar

6. februar – Barna blir kjent med samisk kultur.

Karneval



Mars/April

Vår

Påskefrukost

Mai

16.mai – går tog med Sunde skule

Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget. Samarbeidsutvalet ansvar.



Juni

Sommar

4 – års gruppa besøker Mo jordbruksskule

Fjelltur og avslutningskveld for førskulegruppa

Sommarfest for alle foreldre

Besøksdag for nye barn og foreldre



August

September

Oktober

Haut

Oppstartsamtar nye barn

Foreldremøte

Foreldresamtalar
24. oktober – FN – dagen

Kjelder:

Rammeplan for barnehagar (2017)

Illustrasjon: Gregory Idehen

Foto: Sunde barnehage